

Notat

Dato: 25.10.2019

Saksnr: 2019/44-1

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Til: Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Frå: Prosjektleiar

Handlingsprogram for verkemiddelbruken knytt til innovasjon og næringsutvikling i Vestland – løypemelding

Ein ny «*regional plan for innovasjon og næring*» må vere forankra i «*regional planstrategi*». Inntil denne er på plass må den nye fylkeskommunen ha eit handlingsprogram for verkemiddelbruken knytt til innovasjon og næringsutvikling for tildeling av midlar i 2020. For å gjennomføre denne prosessen har dei to fylkeskommunane knytt til seg ei ekstern arbeidsgruppe som skal bidra med råd og innspel.

Medlemmene i arbeidsgruppa er:

Joakim Systaddal	– Balestrand kommune
Elin Sjødin Drange	– Bergen kommune
Kristine Timberlid	– IN
Baste Tveito	– Næringsalliansen
Anne Mette Hjelle	– IT-Forum
Bjørn Harald Haugsvær	– Fylkesmannen i Vestland
Håvard Tvedte	– Norwegian Centre of Expertise - Maritime CleanTech
Stig-Erik Jakobsen	– Høgskulen på Vestlandet

Første samling for arbeidsgruppa vert 5. november 2019. Deretter vert det oppfølging på videomøte og e-post etter behov. Sekretariatet som skal levere utkast til handlingsprogram har og knytt til seg ei administrativ arbeidsgruppe som skal gje faglege innspel.

Handlingsprogrammet for 2020 vert ein «lettversjon», sidan det nye fylkestinget ikkje har vedtatt naudsynte plan- og styringsdokument. Fram til det nye planverktøyet er etablert har dei to fylkeskommunane fleire gjeldande planer å bygge på. Blant desse er:

- Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane
- Regional plan for næringsutvikling i Hordaland, inkludert Handlingsprogram for næringsutvikling
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland
- Klimaplan for Hordaland
- Regional forskningsstrategi for Hordaland.

Rapporten «*Vestland – utfordringar for fylket og regionane*», som vart handsama i fellesnemnda i juni, er eit viktig grunnlag for arbeidet. Her er det trekt fram følgjande hovudutfordringar:

- Klimaomstilling
- Balansert areal- og naturressursbruk
- Gode transportsamband og smart mobilitet
- Grøn konkurransekraft
- Digitalisering av samfunnet
- Relevant kompetanse og kunnskap
- Attraktive stader og gode nærmiljø

- Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
- Ungdom – trivsel og tilhøyre

Sekretariatet og arbeidsgruppa skal no arbeide fram eit forslag til handlingsprogram, og legg fram utkast for leiargruppa og styringsgruppa til drøfting. Direktør for Innovasjon og næringsutvikling si tilråding vert sendt til Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, 2. desember 2019. Endeleg politisk handsaming vert i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon - og Fylkesutvalet tidleg i 2020, etter at budsjettet er vedtatt.